



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Vi startar verneprosess for Lykkja naturreservat i Årdal kommune

Etter dialog med grunneigarane via AT Skog melder vi formell oppstart av skogvernprosess på areal i Lykkja i Utladalen i Årdal kommune i Vestland fylke. Føremålet med dette brevet er mellom anna å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Lykkja er lokalisert på gards- og bruksnummer 11/5, 11/1, 11/4 og 11/3 i Årdal kommune. Delar av arealet er eigd av ein privat grunneigar, delar er eigd av kommunen. Grunneigarane har underskrive tilbud om vern av Lykkja som naturreservat. Vi har takka nei til delar av tilbodsområdet på gards- og bruksnummer 11/1 mot Moakamben, då vi ikkje fann verneverdiar der. Til saman utgjer tilbudet til vern frå grunneigarane om lag 1900 dekar, og Statsforvaltaren melder oppstart av verneprosess for eit areal med storleik på 1685 dekar.

### Kartlegging

Lykkja (registrert under namnet Svalheim) vart første gang registrert i Naturbase som naturtypen rik edellauvskog med verdi B (viktig) av Siri W. Bøtun i 2002. Etter at grunneigar på gards- og bruksnummer 11/5 tilbydde staten arealet til skogvern vart eigedommen kartlagt meir grundig. Det var Miljøfaglig Utredning (MFU) som kartla dåverande tilbodsareal på gards- og bruksnummer 11/5 i 2019 etter prosedyren for frivillig vern. Etter at MFU avslutta si kartlegging har også kommunen tilbydd areal til vern. Arealet er om lag tredobla i storleik etter at kommunen også signerte tilbud om skogvern til staten. Vi vurderte då at det ikkje var naudsynt med ei ny biologisk kartlegging av omsyn til progresjon i saka, statleg ressursbruk, samt at vi var på synfaring i området og vurderte det kommunale arealet nordover frå 11/5 til å ha liknande eigenskapar som arealet MFU utførte kartlegging av.

### Verneverdiar

Lykkja har boreal lauvskog og rik edellauvskog. I den første kartlegginga i 2002 av Siri W. Bøtun fekk området verdivurdering B (viktig). Området er i hovudsak bratt og består av ein del lausmassar og skredmark. Det er også små bekkedrag og eit fuktig areal i nedre delar som består av gråor-heggeskog. I edellauvskogen er det frodig med lågurt- og høgstaudepreg. Det er registrert fleire interessante artar knytt til edellauvskogen, mellom anna seks raudlista artar, der dei fleste treng



gamal alm for å overleve. Det registrerte kjerneområdet i Lykkja inneheld den varmekjære skogstypen gråor-almeskog, som inngår i den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog. Gråor-almeskog er ein mangelnaturtype og er dårleg dekt av vern i gamle Sogn og Fjordane fylke. Tilbodseigedommen 11/5 oppnår i MFU sin rapport ein høg mangeloppfylling på naturtypen gråor-almeskog. Denne mangeloppfyllinga oppnår endå høgare verdi når området no er utvida.

Området har lite høgproduktiv skog og låg bonitet. Området fekk berre éin av tre stjerner i vurderinga frå MFU, m.a. grunna lite areal (avgrensa til berre 217 dekar) og middels arrondering. MFU skriv også at *det blir en unaturleg grense mot varmekjær skog som fortsetter vidare østover, innover i Utladalen. Dette slår negativt ut på samlet areal med verdifulle naturtyper*. Statsforvaltaren har difor jobba for å utbetre storleik, arrondering og naturtypeavgrensinga. Eigedommen til Årdal kommune innover mot Utladalen bidreg til å betre vurderinga betydeleg. Framlegget til verneområde er no på 1685 dekar. MFU skriv at det er eit potensiale for auke i naturkvalitetar over tid, særleg ved å skånsamt gjenoppta styving av gamle almetre og sørge for rekruttering av ny alm.



Figur 1 og 2: Interiør og eksteriør av ein gamal alm i området som no er tilbydd til frivillig skogvern. Det er påvist fire raudlisteartar i Lykkja som treng gamal alm for å overleve.

Lokaliteten er ein del av eit større, typisk edellauvskogsmiljø i fjordlane og ligg eit steinkast frå Utladalen landskapsvernområde. Det er ikkje registrert framande artar. Statsforvaltaren vurderer Lykkja til å ha vernekvalitetar på nivå B (regional verdi med 2, kanskje 3 stjerner). Ved å verne gråor-almeskog oppnår vi høg oppfylling på mangelnaturtypar. Området vil også kunne tene som referanse- og forskingsområde for påverknaden av fluor- og luftureininga frå industrien i Årdal.

### Mål om 10 % vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tap av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med om lag 3 prosent av skogen i fylket verna i 2020, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Lykkja vil kunne være eit lite skritt nærmare målet om å betre vernet av naturtypen rik edellauvskog i



Vestland.

### **Kva betyr det at eit område vert verna?**

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om området på Lykkja som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt og fangst, og ålmenta vil framleis kunne nytte området til enkelt friluftsliv, plukking av bær og matsopp. Turstiar som er i området skal kunne haldast ved like. I utkastet til verneforskrift som ligg ved dette dokumentet kan ein lese alle vernereglane.

### **Handsaming i Årdal kommune**

I sakspapira som kommunestyret i Årdal fekk til drøfting og politisk vedtak den 25. mars 2021 vurderer skogbrukssjefen i kommunen at den ståande skogen på deira eigedom har liten verdi i dag. Arealet har potensielt liten lønsemd for skogsdrift, samt at området grunna jord/flaumskred og steinsprang gjev liten interesse for utbygging. I vedtaket frå kommunestyret står det at *Årdal kommune krev at styret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vert forvaltningsstyresmakt for området*. Statsforvaltaren kan tilrå dette. Miljødirektoratet har delegert styremakt frå Klima- og miljødepartementet til å oppnemne forvaltningsstyresmakt.

### **Innspel og vidare framdrift**

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring. Send innspel til oppstartsmeldinga med brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) innan 1. mai 2021.

Nettsak for denne oppstartsmeldinga med fleire bilete av området finn du på nettstaden vår <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/> Vi har også ei eiga [temaside](#) om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, samt lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar Maria Knagenhjelm på e-post [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Kart over frivillig skogvern for Lykkja, utkast
- 2 Forskrift om vern av Lykkja naturreservat, utkast



## Mottakarliste:

AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Sabima	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
Årdal turlag			
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
ÅRDAL ENERGI NETT AS	Utladalsvegen 1	6884	ØVRE ÅRDAL
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Mary Helene Moe	Ullevålsveien 65	0454	OSLO



Det norske skogselskap			
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO



Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
MYRBAKKEN SEVERIN	SVENDSTU OPPHUS	2450	RENA
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STIFTINGA UTLADALEN NATURHUS	Postboks 28	6882	ØVRE ÅRDAL